

Spørjeundersøkinga startar

29.06.2009



Undervegs til fjells i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

1. juli startar spørjeundersøkinga til Uskedalen Utvikling om korleis båt- og feriegjestane i Uskedalen finn seg til rette her hos oss. Undersøkinga skal vara i to månadar og etter 1. september blir ho oppsummert i ein rapport.

Vi oppmodar så mange som mogeleg om å fylla ut spørjeskjemaet og gje det til verten før dei reiser. Skjemaet får ein utleverert når ein kjem - men ein finn det også i kolonna til venstre her på nettsida slik at ein kan printa det ut.

Dette er spørsmåla som alle har fleire alternativ:

- * Kvifor valde du Uskedalen som feriemål?
- * Brukar du Uskedalen som fast ferieplass eller er det meir tilfeldig?
- * Kor lang ferie har du i Uskedalen?
- * Kor kjem du frå?
- * Kva ferie- og buform brukar du i Uskedalen?
- * Service; Korleis vart du motteken der du bur og/eller har vore?
- * Kor nøgd er du med den informasjonen du har fått om Uskedalen?
- * Kva er ditt generelle inntrykk av toaletta, det sanitære og renovasjon?
- * Vil du koma attende til Uskedalen ved eit seinare høve?
- * Skriv kva du ynskjer annleis, meir av, forbetringer.

Undersøkinga omfattar bransjene båthamnar, campingplassar, overnatting, feriehus/hytte, butikkar, mat og fiske. Skjema vert lagt ut/delt ut og samla inn på dei mest sentrale plassane i høve til målgruppa.